



# St.prp. nr. 21

(2002–2003)

## Om endringar av løyvingar på statsbudsjettet for 2002 m.m. under Olje- og energidepartementet og endringar i eigarstruktur i det norske gasstransportsystemet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 15. november 2002,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Innleiing

I kap. 2 i denne proposisjonen legg Olje- og energidepartementet (OED) fram budsjettkonsekvensar knytt til restruktureringa av det statlege engasjementet i petroleumsverksemda. I tillegg legg departementet fram budsjettkonsekvensar for Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (SDØE) og informasjon knytt til bruk av fullmakter under SDØE. Kap. 3 omfattar andre forslag til endringar på statsbudsjettet for 2002 under OED. I kap. 4 blir endringar i eigarstruktur i det norske gasstransportsystemet omtalt.

### 2 Budsjettkonsekvensar knytt til restruktureringa av det statlege engasjementet i petroleumsverksemda og endring av løyvingar for SDØE

#### 2.1 Budsjettkonsekvensar knytt til restruktureringa av det statlege engasjementet i petroleumsverksemda

##### *Bakgrunn*

Gjennom behandlinga av St.prp. nr. 36 (2000–2001) Eierskap i Statoil og fremtidig forvaltning av SDØE, vedtok Stortinget å selje SDØE-eigardelar tilsvarende 21,5 pst. av verdien av SDØE til Statoil, Norsk Hydro og andre selskap, jf. Innst. S. nr. 198 (2000–2001).

I St.prp. nr. 40 (2000–2001) Om løyving for 2001 knytt til førebuing av tilrådde tiltak i St.prp. nr. 36 (2000–2001), vart det gjort greie for behovet for bistand og utgifter knytt til førebuing av tilrådde tiltak i St.prp. nr. 36 (2000–2001). Stortinget løyvde 135 mill. kroner på kap. 1801 Omstrukturering av statens petroleumsengasjement, post 21 Spesielle driftsutgifter, jf. Innst. S. nr. 118 (2000–

**Kap. 1801, 1810, 1820, 2440, 2442,  
2490, 4810, 4820, 5440 og 5608**

2001). Utgifter knytt til førebuing og sal av SDØE-eigardelar var estimerte til 60 mill. kroner av løyvinga på 135 mill. kroner.

I St.prp. nr. 24 (2001–2002) vart det informert om budsjettkonsekvensar knytt til restruktureringa av det statlege engasjement i petroleumssverksemda, under dette inntekter og førebelse utgifter knytt til sal av 15 pst. SDØE-eigardelar til Statoil, og behovet for bistand og utgifter knytt til førebuing og sal av om lag 6,5 pst. SDØE-eigardelar til Norsk Hydro og andre selskap. Behovet for bistand og utgifter knytt til førebuing og sal av SDØE-eigardelar til Norsk Hydro og andre selskap vart også omtala i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (2001–2002).

### *Generelt om status*

Olje- og energidepartementet har i 2001 på vegne av staten selt utvalde SDØE-eigardelar til Statoil, og staten har kjøpt nokre eigardelar frå Statoil. Netto-salet tilsvarer om lag 15 pst. av verdien av opphavleg SDØE-portefølje. Vidare har Olje- og energidepartementet i 2002 selt utvalde SDØE-eigardelar tilsvarande om lag 6,5 pst. av verdien av SDØE-porteføljen til Norsk Hydro og andre selskap. Samla er det selt eigardelar tilsvarande om lag 21,5 pst. av verdien av opphavleg SDØE-portefølje.

### **Sal av SDØE-eigardelar tilsvarande 6,5 pst. av verdien av SDØE-porteføljen**

SDØE-eigardelane som vart lagt ut for sal vart valde med utgangspunkt i kriteria frå St.prp. nr. 36 (2000–2001) og behandlinga i Stortinget. Kriteria gjaldt m.a. områdeeffektiviseringar, styrking av operatørane, styrking av mangfaldet og konsentrasjon av SDØE-porteføljen.

Stortinget la vekt på at transaksjonane skulle skje til marknadsverdi og at dei berre skulle gjennomførast dersom staten oppnådde tilfredsstillande vilkår.

### *Prosess og gjennomføring*

Ved utforminga av salsprosessen vart det lagt vekt på at prosessen ikkje skulle vere i konflikt med EØS-avtala.

Salet vart gjennomført etter ein bodprosess. Departementet mottok tilfredsstillande bod på og selde eigardelar tilsvarande om lag 6,5 pst. av SDØE.

Som ein del av bodprosessen vart det lagt opp til at selskapa skulle indikere den meirverdien dei meinte ville kunne bli utløyst dersom dei vart kjø-

par av ein eigardel. Oljedirektoratet og andre la mykje arbeid i vurderinga av desse elementa. Meirverdien sto sentralt i vurderinga, men vart ikkje tillagt avgjerande vekt. Alle sala skjedde til kvalifiserte selskap som gav det høgaste bodet. Det vil seie at den bodgivaren som var ønskt frå eit meirverdisynspunkt også gav det høgaste bodet.

Boda vart samanlikna med ei verdivurdering av eigardelane utført av departementet sine finansielle rådgjevarar. I verdivurderinga vart det lagt til grunn dei same prinsippa som ved salet til Statoil, korrigert for skatteforhold og produksjonsutvikling. Vidare vart overslaga for framtidig oljepris oppdaterte.

Ein føresetnad for dette salet var at ein skulle oppnå prisar tilsvarande salet av 15 pst. av SDØE til Statoil. Basert på utrekningar gjort av departementet sine finansielle rådgjevarar, oppfyller salsprisen for dei selde eigardelane dette kravet.

For å sikre nøytral behandling av skattesituasjonen til dei ulike kjøparane, vart det lagt til grunn eit anna skatteopplegg enn ved salet til Statoil. Dette er reflektert i den oppnådde prisen på 8 456 mill. kroner. Når ein tek omsyn til skilnader i rammevilkåra mellom dei to transaksjonane, er prisane som vart oppnådde ved dette salet på nivå med det som vart oppnådd ved salet til Statoil.

### *Resultatet av salet*

Eit resultat av salsprosessen er ei harmonisering av eigarforholda i Osebergområdet. Norsk Hydro og TotalFinaElf vil som følgje av den delvise harmoniseringa ha gjennomgåande eigardelar på respektive 34 pst. og 10 pst. i dei fire utvinningsløyva som inngår i Oseberg unit og Oseberg sør unit. Vidare har Statoil og Conoco no gjennomgåande eigardelar i dei fire utvinningsløyva på respektive 15,3 pst. og 2,4 pst. Harmoniseringa er eit godt tiltak for å oppnå meir effektiv utnytting av dei store olje- og gassressursane i området, og er i tråd med måla for prosessen.

Det er venta at selskapa som fekk tilslaget på dei delane som vart selde hjelper positivt til med ressursutnyttinga og verdiskapinga i desse utvinningsløyva.

Staten sin del i Gyda, Tambar og eit nærliggjande utvinningsløyve vart selt til det danske oljeselskapet DONG. DONG har kjøpt Pelican og ønskjer å arbeide for vidare utvikling av området.

Salet av 10 pst. i Draugen til Shell og salet av 13,6 pst. i Grane til Norsk Hydro styrkjer operatørane av desse viktige felta.

Marathon kjøpte staten sine eigardelar i fire nærliggjande utvinningsløyve i Heimdalområdet.

Dette vil styrkje selskapet sin posisjon i området, og gjere det meir sannsynleg at ressursane blir utvikla.

Paladin sitt kjøp av delar i Brage og Njord vil venteleg medverke til auka utvinning i desse modne felt. Conoco kjøpte ytterlegare delar på Hei-drunkfeltet. Dette vil venteleg medverke til å utnytte potensialet som finst i feltet. Gaz de France og Idemitsu kjøpte begge eigardelar i Framområdet.

### Oppsummering

Salsprosessen er gjennomført i tråd med Stortinget sitt vedtak og forutsetningar. Prosessen har medverka til harmonisering av eigarsamansetjinga i eit viktig område, operatørar er blitt styrkte og det har blitt selt eigardelar til selskap som venteleg vil medverke positivt til ressursutnyttinga i nye og eksisterande felt. Vidare har ein gjennom prosessen medverka til ein konsentrasjon av SDØE-porteføljen.

Interessa frå selskapa si side har vore god, og for dei delane som vart selde vart det oppnådd prisar ein er nøgd med.

### Inntekter og utgifter i samband med sal av SDØE-eigardelar

#### *Salsoppgjer knytt til nedsal av 6,5 pst. av SDØE-porteføljen*

Sal av SDØE-eigardelar til ni kjøparar og kjøp av nokre eigardelar frå to selskap, som også var kjøparar, vart gjennomført ved eit netto oppgjør mellom staten og kvar einskild kjøpar. Netto vederlag frå kjøparane til staten var 8 456 mill. kroner. Kjøparane betalte i norske kroner. Netto salsoppgjer er inntektsført på kap. 5440, ny post 31 Salg av SDØE-andeler. I tillegg vart det innbetalt renter på kontantvederlaget som følgje av at sala hadde økonomisk verknad frå 1. januar 2002, men det vart gjort opp på ulike datoar seinare i 2002. Renteinntekter på om lag 244 mill. kroner er førte på kap. 5440, ny post 81 Renter, salg av SDØE-andeler.

Samla nettoinntekter frå sal/kjøp av eigardelar mellom staten og kjøparane er dermed om lag 8 700 mill. kroner.

#### *Pro et contra-oppgjer knytt til nedsal av 6,5 pst. av SDØE-porteføljen*

Sal av SDØE-eigardelar til kjøparane vart slutført over ein periode frå mai til oktober 2002, men det hadde juridisk og økonomisk verknad frå 1. januar

2002. Rekneskapen for SDØE vart derfor ført etter gammal SDØE-portefølje fram til slutføringsdato. Dette inneber at innbetalingar og utbetalingar knytt til SDØE i denne perioden er for høge. Dette blir gjort opp ved eit netto pro et contra-oppgjer mellom staten og kvar einskild kjøpar. Det er rekna ut at staten netto vil utbetale om lag 1 750 mill. kroner før skatt til kjøparane for å korrigere innbetalingar og utbetalingar i perioden 1. januar 2002 til dato for slutføring. Utbetalingar blir utgiftsførte under kap. 2440, ny post 25 Pro et contra-oppgjør med om lag 1 850 mill. kroner og innbetalingar blir førte under kap. 5440, ny post 01 med om lag 105 mill. kroner, jf. omtale under kap. 2440/5440.

Det kan bli korreksjonar av dette oppgjeret seinare i år og neste år fordi alle pro et contra-oppgjera enno ikkje er gjennomførte. Dei kan dessutan reviderast av kjøparane.

#### *Samla utgifter til førebuing og gjennomføring av salet, inkludert eksterne rådgjevarar*

Over budsjetta for 2001 og 2002 har Olje- og energidepartementet så langt totalt utgiftsført om lag 87,5 mill. kroner under kap. 1801, post 21 Omstrukturering av statens petroleumsengasjement i samband med førebuing og gjennomføring av sal av SDØE-eigardelar. Når det gjelder salet av 15 pst. av SDØE til Statoil vart delar av arbeidet gjort av rådgjevarane knytt til delprivatiseringa av Statoil. Kostnadene knytt til delprivatiseringa er omtalt i St.prp. nr. 24 (2001–2002), men kostnadene knytt til sal av SDØE er ikkje spesifisert.

Ovannemnde har dekt departementet sine utgifter, inkludert eksterne rådgjevarar. Departementet har nytta juridisk, finansiell, geofagleg og revisjonsfagleg ekspertise til dette arbeidet. I tillegg har departementet hatt utgifter til datasystem og hjelp knytt til innhenting og behandling av informasjon om dei tilbydde eigardelane.

#### *Finansielle rådgjevarar/tilretteleggjarar*

Olje- og energidepartementet nytta to investeringsbankar med kompetanse, ressursar og erfaring frå liknande prosjekt som finansielle rådgjevarar og tilretteleggjarar av salet. Desse bankane gav råd knytt til førebuing og gjennomføring av salet. Stortinget har gitt OED fullmakt til å utgiftsføre, utan løyving, utgifter knytt til provisjon av sal av SDØE-eigardelar under kap. 1801, post 21 jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 og Budsjett-innst. S. nr. 9 (2001–2002). Utgiftene til provisjon til finansielle rådgjevarar/tilretteleggjarar har vore på om lag 38,7 mill. kroner.

### *Juridisk og strategisk ekspertise, revisjonsfagleg ekspertise og geofagleg ekspertise*

Olje- og energidepartementet nytta juridisk og strategisk ekspertise i førebuingane og gjennomføringa av salet av SDØE-eigardelar. Desse rådgjevarane har hjelpt departementet med gjennomgang av informasjon som gjaldt dei eigardelane som vart lagt ut for sal. Vidare vart det ytt bistand i samband med utarbeiding av avtaleverk for gjennomføringa av salet og generell strategisk rådgjeving.

Vidare nytta Olje- og energidepartementet eit revisjonsfirma med erfaring frå tilsvarende transaksjonar. Dette firmaet gav revisjonsfaglege råd i samband med utforming av avtaleverk, slik at dette vart utforma på ein føremålstenleg måte. Firmaet har òg vore engasjert som departementet sin revisor for pro et contra-oppgjøret i samband med sal av eigardelar til Statoil.

Det var naudsynt å innhente råd frå internasjonal geofagleg ekspertise, med god kjennskap til norsk kontinentalsokkel, i samband med førebuingane av sal av SDØE-eigardelar. Det vart mellom anna gjennomført sertifisering av SDØE-eigardelane som vart tilbydde for sal. Geofagleg ekspertise var òg viktig for å synleggjere verdien av eigardelane som vart lagt ut for sal for dei aktuelle kjøparane. Oljedirektoratet koordinerte dette arbeidet saman med ekstern geofagleg ekspertise.

Utgiftene til juridisk og strategisk ekspertise, revisjonsfagleg ekspertise og geofagleg ekspertise utgjer om lag 27,1 mill. kroner.

### *Andre utgifter, mellom anna utgifter til datarom*

Utgifter til datarom utgjer hovuddelen av dei andre utgiftene. Operatørane i dei utvinningsløyva og interessentskapa der staten la ut eigardelar for sal, måtte leggje fram relevant informasjon knytt til desse. Det er tale om ei mengd informasjon av både teknisk, geologisk, kommersiell og juridisk karakter. Kostnadene dei relevante operatørane hadde ved dette arbeidet vart dels dekte av staten. Det meste av den informasjonen operatørane la fram vart gjort tilgjengeleg for aktuelle kjøparar av eigardelar i eit internetbasert datarom. Departementet engasjerte IT-fagleg ekspertise for dette oppdraget. Vidare kravde presentasjon av seismiske data innkjøp av programvare og rettar til slik

programvare. Andre utgifter utgjer om lag 21,6 mill. kroner.

### *Oppsummering*

Utgifter til førebuing og sal av SDØE-eigardelar var estimert til 60 mill. kroner. I tillegg kjem utgifter til provisjon. Gjennomgangen over viser at utgiftene ut over provisjon har vore på 48,7 mill. kroner. For 2002 er det samla utgiftsført om lag 57 mill. kroner så langt, inkludert provisjon. Olje- og energidepartementet rår over overførte midlar frå 2001 på om lag 44,7 mill. kroner under kap. 1801, post 21. På bakgrunn av ovannemnde ber Olje- og energidepartementet difor om ei tilleggsløyving på 13 mill. kroner på kap. 1801 Omstrukturering av statens petroleumsgasjement, post 21 Spesielle driftsutgifter.

## **2.2 Budsjettkonsekvensar for SDØE og informasjon om bruk av fullmakter**

### **Kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten**

Gjeldande løyving for 2002 under kap. 2440 og kap. 5440 er basert på Stortinget sitt budsjettvedtak i desember 2001 (blå bok) og Stortinget sitt vedtak av 21. juni 2002 der kap. 2440, post 22 Fjerningsutgifter vart redusert med 50 mill. kroner, post 30 Investeringar vart redusert med 1 000 mill. kroner og post 50 Overføring til Statens petroleumsforsikringsfond vart auka med 100 mill. kroner. Under kap. 5440 vart post 24 Driftsresultat auka med 1 800 mill. kroner, post 30 Avskrivningar vart redusert med 2 900 mill. kroner og post 80 Renter vart redusert med 500 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 63 og Innst. S. nr. 255 (2001–2002). Løyvingsforslaga var baserte på SDØE-porteføljen etter sal av om lag 6,5 pst. av SDØE-eigardelar.

Forslag til ny løyving er mellom anna basert på oppdatert prognose for 2002 frå forretningsfører Petoro AS etter tredje kvartal 2002. Prognosen frå forretningsfører er basert på rekneskapsføring pr. 30. september 2002 og estimat for resten av året.

Tabell 2.1 Endringer på statsbudsjettet 2002 under kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten (i mill. kr)

Kap/post	Underpost	Nemning	Gjeldande løyving	Forslag til ny løyving	Endring
2440	22	Fjerningsutgifter, <i>overslagsbevilging</i>	90	100	10
	25	Pro et contra-oppgjør		1 850	1 850
	30	Investeringer	14 300	13 700	-600
	50	Overføringer til Statens petroleumsforsikringsfond	700	905	205
Sum kap. 2440			15 090	16 555	1 465
5440	01	Pro et contra-oppgjør		160	160
	24.1	Driftsinntekter	107 800	102 200	-5 600
	24.2	Driftsutgifter	-16 900	-19 100	-2 200
	24.3	Lete- og feltutviklingsutgifter	-1 200	-1 300	-100
	24.4	Avskrivninger	-14 700	-18 400	-3 700
	24.5	Renter	-6 500	-6 200	300
	24	Driftsresultat	68 500	57 200	-11 300
	30	Avskrivninger	14 700	18 400	3 700
	31	Salg av SDØE-andeler		8 456	8 456
	50	Overføring fra Statens petroleumsforsikringsfond		600	600
	80	Renter	6 500	6 200	-300
	81	Renter, salg av SDØE-andeler		244	244
Sum kap. 5440			89 700	91 260	1 560
Kontantstraum frå SDØE:					
		Innbetalningar	107 800	111 660	3 860
		Utbetalningar	33 190	36 955	3 765
Nettokontantstraum frå SDØE			74 610	74 705	95

Overslaget for kap. 2440, post 22 Fjerningsutgifter er auka med 10 mill. kroner, frå 90 til 100 mill. kroner. I 2002 er det gjennomført fjerning i samsvar med gjeldande lov på Frøy, Øst-Frigg, Statpipe, Frostpipe og Ekofisk.

Det er foreslått ei løyving på 1 850 mill. kroner for 2002 på kap. 2440, ny post 25 Pro et contra-oppgjør, i samanheng med nettoalet av SDØE-eigardelar, jf. omtale av pro et contra-oppgjeret tidlegare i proposisjonen.

Overslaget for kap. 2440, post 30 Investeringer er redusert med 600 mill. kroner, frå 14 300 til 13 700 mill. kroner. Dette skuldast hovudsakleg oppdaterte investeringsoverslag frå operatørane for fleire felt, blant anna Troll Olje og Osebergfelt, samt korrigeringar knytt til gjennomført sal av 6,5 pst. SDØE-eigardelar. Overføringer til Staten sitt petroleumsforsikringsfond under kap. 2440, post 50 blir foreslått auka med 205 mill. kroner. Auken er resultat av ei markant tilstramming i for-

sikringsmarknaden (200 mill. kroner). Vidare blir posten auka med 5 mill. kroner som følge av ein korrigering når det gjeld faktisk premieinnsparing i 2001.

Overslaget for kap. 5440, post 01 Pro et contra-oppgjør er knytt til salet av 6,5 pst. SDØE-eigardelar til andre selskap (om lag 105 mill. kroner), og ein korreksjon av pro et contra-oppgjeret i samanheng med salet av 15 pst. SDØE-eigardelar til Statoil (om lag 54 mill. kroner). Det blir foreslått ei løyving på 160 mill. kroner under denne posten.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er redusert med 5 600 mill. kroner, frå 107 800 til 102 200 mill. kroner. Reduksjonen skuldast hovudsakleg at overslaga for driftsinntekter som følge av 6,5 pst. salet vart redusert for lite i St.prp. nr. 63 (2001–2002). Forventa oljepris for 2002 er noko redusert i høve til det som vart lagt til grunn i gjeldande løyving.

Det er for SDØE lagt til grunn ein gjennom-

snittleg oljepris på om lag kr 195 pr. fat for 2002 (dette er basert på realisert pris etter tredje kvartal og prognose for fjerde kvartal. I gjeldande løyving er det lagt til grunn kr 200 pr. fat.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er auka med 2 200 mill. kroner, frå 16 900 til 19 100 mill. kroner. Dette skuldast auka driftsutgifter i prognosen for transport og prosessering av NGL, høgare verkelege tørrgasstariffar under avsetningsinstruksen samt valutatap.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.3 Lete- og feltutviklingsutgifter er auka med 100 mill. kroner, frå 1 200 til 1 300 mill. kroner. Størst leiteaktivitet er det i området Norskehavet. Ormen Lange er det største prosjektet under utvikling.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.4 og post 30 Avskrivninger er auka med 3 700 mill. kroner, frå 14 700 til 18 400 mill. kroner. Dette skuldast hovudsakleg auka avskrivningar grunna endra fordeling av produksjon mellom felt, samt auka avskrivningar på rør og land anlegg. Felt med høgare investeringar som Troll produserer ein større del av totalt volum enn stipulert i langtidsbudsjettet.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.5 og post 80 Renter er redusert med 300 mill. kroner, frå 6 500 til 6 200 mill. kroner. Dette skuldast endring av kalkulerte investeringar og avskrivningar, samt nedskrivning av nettoinvesteringar grunna korrigeringar knytt til 6,5 pst. salet.

Endringane som er nemnde ovanfor fører til at kap. 5440, post 24 Driftsresultat samla viser ein reduksjon på om lag 11 300 mill. kroner, frå 68 500 til 57 200 mill. kroner.

På bakgrunn av oppgjer for skadar som har funne stad og forventa skadeutbetalingar for resten av året, vert det foreslått ei løyving på 600 mill. kroner under kap. 5440, ny post 50 Overføring fra Statens petroleumsforsikringsfond.

Ovannemnde endringar medfører samla sett at netto kontantstraum frå SDØE blir auka med 95 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving, frå 74 610 til 74 705 mill. kroner.

## Forenkla behandling frå styresmaktene si side

### *Skirne og Byggve*

Departementet mottok 8. mars 2002 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av felta Skirne og Byggve. Skirne og Byggve er planlagte som utbyggingar under vatn med oppkopling til Heimdalplattforma. Dei er planlagt å komme i drift fjerde kvartal 2003. Rettshavarane i Skirne og

Byggve er TotalFinaElf Exploration Norge AS (operatør), Petoro AS, Marathon Petroleum Norge A/S og Norsk Hydro Produksjon a.s. Petoro AS er forvaltar av SDØE-porteføljen og rettshavar på vegne av Staten. Eigardelen til SDØE er 30 pst. Dei totale investeringane for utbygginga blir i plan for utbygging og drift rekna til 1,7 mrd. 2001-kroner. Utbygginga av Skirne og Byggve vil for SDØE i 2002 medføre om lag 155 mill. kroner i investeringar og om lag 5 mill. kroner i kalkulatoriske renter. Plan for utbygging og drift av Skirne og Byggve vart vedteken ved kronprinsregentens resolusjon 5. juli 2002.

### *Kollsnes NGL-anlegg*

Departementet mottok 11. desember 2001 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Kollsnes NGL-anlegg. I NGL-anlegget vil flytande våtgass som er sett saman av propan, isobutan, normalbutan og nafta bli separert frå rikgassen som kjem inn frå Kvitebjørn og Visund. Rettshavarane i Trollgruppa er Petoro AS, Statoil ASA, Norsk Hydro Produksjon a.s., AS Norske Shell, TotalFinaElf AS og Norske Conoco AS. Petoro AS er forvaltar av SDØE-porteføljen og rettshavar på vegne av staten. Eigardelen til SDØE er 56 pst. Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til om lag 2 932 mill. 2002-kroner. Utbygginga av Kollsnes NGL-anlegg medfører om lag 378 mill. kroner i investeringar, om lag 3,5 mill. kroner i driftskostnader og om lag 13,5 mill. kroner i kalkulatoriske renter for SDØE i 2002. Plan for utbygging og drift av Kollsnes NGL-anlegg vart vedteken i kronprinsregentens resolusjon 3. mai 2002.

### *Visund gasseksport*

Departementet mottok 2. juli 2002 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift og plan for anlegg og drift av Visund gasseksport. Visund gasseksport omfattar modifikasjonar på eksisterande felt og ein ny røyrleidning frå Visund til Kvitebjørn gassrøyrleidning. Visundfeltet vart vedteke utbygd våren 1996 og oljeproduksjonen starta i 1999. Første fase av utbygginga omfatta oljereservane, mens gasseksport opphavleg var planlagt frå 2007. Rettshavarane planlegg no å framskande gasseksporten på Visundfeltet til 2005. Rettshavarane i Visund gasseksport er Norsk Hydro Produksjon a.s. (operatør), Statoil ASA, Petoro AS, Norske Conoco AS og TotalFinaElf Exploration Norge AS. Petoro AS er forvaltar av SDØE-porteføljen og rettshavar på vegne av staten. Eigardelen til SDØE

er 30 pst. Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til om lag 2,7 mrd. 2002-kroner. Utbygginga av Visund gasseksport vil for SDØE i 2002 medføre om lag 12,5 mill. kroner i investeringar, om lag 0,5 mill. kroner i driftskostnader og om lag 0,5 mill. kroner i kalkulatoriske renter. Plan for utbygging og drift og plan for anlegg og drift av Visund gasseksport vart vedteken ved kgl.res. 4. oktober 2002.

#### Kårstø

Departementet mottok 1. oktober 2001 søknad om godkjenning av plan for anlegg og drift av utviding av gassbehandlingsanlegget på Kårstø. Prosjektet omfattar bygging av eit nytt mottaks- og ekstraksjonsanlegg for å handtere gassen frå Mikkel-feltet. Rettshavarane er Petoro AS, Statoil ASA, TotalFinaElf Exploration Noreg AS, Norsk Hydro Produksjon a.s, Mobil Development Norway AS, Esso Exploration and Production Norge AS, Norske Shell Pipelines AS, Norske Conoco og Total Norge AS. Gassco AS er operatør. Eigardelen til SDØE er 33,25 pst. Mikkel-feltet er planlagt sett i drift i oktober 2003 og utvidinga av Kårstø er dermed planlagt ferdigstilt 1. oktober 2003. Dei totale investeringane for prosjektet er i plan for anlegg og drift rekna til 1 130 mill. 2001-kroner. Utbygginga vil for SDØE i 2002 medføre om lag 152 mill. kroner i investeringar, om lag 5 mill. kroner i driftskostnader og om lag 5 mill. kroner i kalkulatoriske renter. Plan for anlegg og drift av utviding av gassbehandlingsanlegget på Kårstø vart vedteken ved kgl.res. 8. mars 2002.

#### Overføring av eigedomsrett mot bruksrett

Det har ikkje vore overføringar av eigedomsrett mot bruksrett sidan sist det vart gjort greie for bruken av fullmakta i St.prp. nr. 24 (2001–2002).

### 3 Andre endringsforslag

#### Kap. 1810 Oljedirektoratet (jf. kap. 4810)

##### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

##### *Tilsyn med petroleumsverksemda*

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving for 2002. Endringa har samanheng med auka aktivitet på ulike tilsynsprosjekt. Ein tilsvarande auke i inntektene under kap. 4810, post 03 Refusjon av tilsynsutgifter vil bli foreslått i revidert budsjett 2003. Årsaka til at

løyvinga ikkje blir foreslått parallelljustert no er at refusjonar for 4. kvartal 2002 ikkje blir innbetalte før i 2003.

#### *Oppdrags- og samarbeidsverksemd*

Det blir foreslått å auke løyvinga med 14 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving for 2002. Auken har blant anna samanheng med endra praksis knytt til rekneskapsførte lønnsutgifter som for 2002 i sin helheit vert utgiftsført i inneverande år, medan lønnsutgifter på 4 mill. kroner for 4. kvartal for 2001 vart utgiftsført i 2002. Vidare fører auka aktivitet og større volum innanfor prosjekta til ein auke på 10 mill. kroner. Utgiftsauken blir motsvara av ein tilsvarande inntektsauke under kap. 4810, post 02 Oppdrags- og samarbeidsvirksomhet.

#### *Undersøkingar*

Det blir foreslått å auke løyvinga med 0,3 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving for 2002. Utgiftsauken har samanheng med auka meirverdiavgift på kjøp av tenester frå utlandet, som ikkje er blitt kompenserte tidlegare.

#### *Samandrag*

Samla blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 1810, post 21 Spesielle driftsutgifter med 16,3 mill. kroner, frå 66,8 til 83,1 mill. kroner.

#### **Kap. 1820 Norges vassdrags- og energidirektorat (jf. kap. 4820)**

##### *Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres*

##### *Database for reservemateriell og kompetanse for kraftforsyningsberedskap*

Ved Stortinget sitt vedtak av 19. juni 2002 vart det løyvd 1 mill. kroner under kap. 1820, post 75 Tilskudd til sikringstiltak, jf. St.prp. nr. 54 og Innst. S. nr. 252 (2001–2002) Om tilleggsbevilgninger i 2002 knyttet til ressursbehovet innen den sivile beredskapen og politiets beredskap. Tilleggsløyvinga skal gå til delfinansiering av ein nasjonal database for reservemateriell og kompetanse for kraftforsyningsberedskap.

Det er nedsett eit prosjekt for å etablere ovannemnde database. Målet med prosjektet er å utvikle og etablere ein database som skal medverke til å gi deltakande selskap og andre relevante aktørar høve til på ein meir ressurseffektiv måte å opti-

malisere funksjonaliteten sin under ordinær drift og ved ekstraordinære situasjonar.

Det er gjennomført ei marknadsundersøking som tilseier om lag 50 aktuelle deltakande selskap frå kraftforsyningsbransjen. Desse vil medverke med til saman om lag 1,5 mill. kroner, kor av 1 mill. kroner i 2002.

I og med at NVE har driftsansvaret for gjennomføringa av prosjektet, blir løyvinga foreslått flytta frå kap. 1820, post 75 Tilskudd til sikringstiltak til kap. 1820, post 21 Spesielle driftsutgifter.

Posten blir vidare foreslått auka med ytterlegare 1 mill. kroner i 2002 som er stipulert bidrag frå bransjen i 2002. Auken blir dekt inn ved tilsvarende inntektsauke under kap. 4820, post 02 Oppdrags- og samarbeidsvirksomhet, jf. seinare omtale. Den resterande delen av bransjen sitt bidrag på 0,5 mill. kroner vil bli innbetalt i 2003.

#### *Oppdragsverksemd*

Overslaget for den resterande delen av oppdragsverksemda blir redusert med 4,4 mill. kroner i forhold til gjeldande budsjett for 2002. Endringa har hovudsakleg samanheng med reduksjon i omfanget av NVE sitt bistandsarbeid i Afrika. Utgiftsreduksjonen er motsvara av ein tilsvarende inntektsreduksjon under kap. 4820, post 02 Oppdrags- og samarbeidsvirksomhet, jf. seinare omtale.

#### *Samandrag*

Samla blir det foreslått å redusere løyvinga under kap. 1820, post 21 Spesielle driftsutgifter med 2,4 mill. kroner, frå 48,7 til 46,3 mill. kroner.

#### *Post 22 Forbyggningsarbeider og oppryddingstiltak, kan overføres*

Gjennom kgl.res. 11. oktober 2002 vart det gitt samtykkje til at løyvinga under kap. 1820, post 22 kan overskridast med 4 mill. kroner for å gjennomføre nødvendige strakstiltak i eit skredfarleg område i Meråker kommune.

Det skredfarlege området omfattar eit bustadområde på om lag 50 bustader (80 personar). Området omfattar òg eit stykke av E 14 mellom Stjørdal og Storlien (Sverige).

Geoteknikarar har dokumentert at skredfaren er svært kritisk og utrekningar viser at ras kan skje når som helst. Det blir difor vurdert fråflytting, avhengig av vêrforhold, trykk frå grunnvatnet og erosjon i elvar og bekkar.

Meråker kommune har i eigen regi gjennomført omfattande opprydding og avverking i områ-

det for å gjere det lettare tilgjengeleg for strakstiltak og for mellombels å avlaste grunnen og dermed redusere faren for ytterlegare utglidingar.

Ras i leirområde har fleire gonger teke liv og eigedom, og er blant dei potensielt største og alvorlegaste naturkatastrofane vi kan bli utsette for i dag. Risikoklassifiseringa i programmet for auka tryggleik har avdekt behov for strakstiltak i fleire bustadområde.

Behovet for sikringstiltak i Meråker i andre halvår 2002 er stipulert til totalt 4 mill. kroner. Dei samla kostnadene for sikringstiltaka i Meråker er utrekna til 10 mill. kroner. Det blir på denne bakgrunnen foreslått å auke løyvinga med 4 mill. kroner til akutte sikringstiltak i 2002.

Vidare blir det foreslått å auke løyvinga med 2 mill. kroner som følgje av auka distriktsbidrag frå kommunane. Utgiftsauken blir motsvara av ein tilsvarende inntektsauke under kap. 4820, post 40, jf. seinare omtale.

Samla blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 1820, post 22 Forbyggningsarbeider og oppryddingstiltak med 6 mill. kroner, frå 59,35 til 65,35 mill. kroner.

#### *Post 75 Tilskudd til sikringstiltak, kan overføres*

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving for 2002. Endringa er berre ei teknisk flytting av løyvinga til ein annan post, jf. omtale under kap. 1820, post 21.

### **Kap. 2442 Disponering av innretninger på kontinentalsokkelen**

#### *Post 70 Tilskudd, overslagsbevilgning*

Tilskot etter fjerningstilskotslova dekkjer staten sin del av fjerningsutgifter som har oppstått. Fjerningstilskotet blir utbetalt av Olje- og energidepartementet etter krav frå selskapa. For 2002 er det motteke krav på om lag 90 mill. kroner i fjerningstilskot. Det er venta at selskapa totalt vil krevje om lag 200 mill. kroner i tilskot i 2002. På denne bakgrunnen blir det foreslått å auke budsjettposten med 60 mill. kroner, frå 140 til 200 mill. kroner.

### **Kap. 2490 NVE Anlegg (jf. kap. 5490)**

#### *Post 24 Driftsresultat*

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.01 Driftsinntekter blir foreslått auka med 1 mill. kroner, frå 43 til 44 mill. kroner. Endringa har samanheng



med auka inntekter frå eksterne og interne oppdrag.

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.02 Driftsutgifter blir foreslått redusert med 2 mill. kroner, frå 40 til 38 mill. kroner. Endringa har samanheng med reduserte innkjøp og anleggskostnader i samband med anleggsarbeid.

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.03 Avskrivninger blir foreslått redusert med 0,5 mill. kroner, frå 4,5 til 4 mill. kroner. Dette skuldast at bokført kapital pr. 31. desember 2001 vart lågare enn venta i saldert budsjett.

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.04 Renter blir foreslått redusert med 0,5 mill. kroner, frå 1,8 til 1,3 mill. kroner.

Ovannemnde endringar i underpostar medfører at det stipulerte driftsresultatet for NVE Anlegg under kap. 2490, post 24 aukar med 4 mill. kroner, til -0,7 mill. kroner.

*Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres*

Det blir foreslått at løyvinga blir auka med 2 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving for 2002. Auken har samanheng med at NVE sine anleggsmaskiner må oppgraderast eller bytast ut for å tilfredsstille HMS-krav med omsyn til førarmiljø, støy og utslepp av avgassar.

**Kap. 4810 Oljedirektoratet (jf. kap. 1810)**

*Post 02 Oppdrags- og samarbeidsvirksomhet*

Løyvinga over posten blir foreslått auka med 17,5 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving for 2002. Endringa har samanheng med inntektsføring av royalty på 3,5 mill. kroner på sal av data og ein auke på 14 mill. kroner, jf. omtale under kap. 1810, post 21.

*Post 04 Salg av undersøkelsesmateriale*

Inntektene under posten kjem frå sal av seismisk undersøkingsmateriale til oljeselskapa. Det er stor tvil knytt til desse salsinntektene. Dei fleste aktørane på norsk sokkel har allereie kjøpt dei seismiske datapakkane som til no er gjort tilgjengelege (Norskehavet og Barentshavet Sør). Inntektene i framtida vil difor avhenge av sal av geofysiske og geologiske datapakkar i Barentshavet Nord.

Oljedirektoratet har så langt i år ikkje selt nokon datapakkar, og ein reknar ikkje med at det vil bli selt datapakkar seinare i år heller. Departe-

mentet foreslår difor at budsjettoverslaget vert redusert med 5 mill. kroner, til 0 kroner. Dette vart òg gjort i budsjettet for 2002, jf. St.prp. nr. 24 (2001–2002).

**Kap. 4820 Norges vassdrags- og energidirektorat (jf. kap. 1820)**

*Post 02 Oppdrags- og samarbeidsvirksomhet*

Løyvinga over posten blir foreslått redusert med 3,4 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving for 2002, jf. tilsvarende endring under kap. 1820, post 21.

*Post 40 Forbygningsvirksomhet*

Løyvinga over posten blir foreslått auka med 2 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving for 2002 mot ein tilsvarende auke under kap. 1820, post 22.

**Kap. 5608 Renter av lån til statsforetak under Olje- og energidepartementet**

*Post 80 Renter, Statnett SF*

I St.prp. nr. 1 (2000–2001) vart det budsjettert med 87 mill. kroner i renteinntekter frå Statnett SF i 2002. Renteinntektene under posten er knytt til Statnett sitt serielån, som pr. 1. januar 2002 hadde ein saldo på om 1 200,6 mill. kroner. I samanheng med revidert budsjett 2002 vart budsjetterte inntekter reduserte med 8 mill. kroner, frå 87 til 79 mill. kroner.

Renteinntektene knytt til lånet er rekna ut med utgangspunkt i renta på ulike statspapir. Lånet er delt opp i fleire transjer/avdrag som kvar for seg er knytt opp mot eit statspapir med ei bestemt bindingstid og kupongrente. Det er opp til Statnett å avgjere kva for eit statspapir den enkelte transjen skal knytast til.

Uvisse rundt Statnett sitt val av statspapir og storleiken på den tilhøyrande kupongrenta, gjer det vanskeleg å gi gode estimat ved tidspunktet for budsjettering.

Pr. i dag reknar ein med renteinntekter for 2002 på 86 mill. kroner, det vil seie 7 mill. kroner meir enn i revidert budsjett 2002.

På bakgrunn av ovannemnde blir det foreslått å auke løyvinga for 2002 med 7 mill. kroner, frå 79 til 86 mill. kroner.

Tabell 4.1

Interessentskap/selskap	Direkte statleg eigardel i dag avrunda til to desimalar <sup>1</sup>
Åsgard Transport	46,95 pst.
Statpipe medrekna Statpipe sine anlegg på Kårstø	33,25 pst.
Zeepipe medrekna Europipe I	55,00 pst.
Den norske delen i Zeepipe Terminal DA (49 pst.)	18,76 pst.
Franpipe	60,00 pst.
Den norske delen i Dunkerque Terminal DA (65 pst.)	24,89 pst.
Europipe II	45,01 pst.
Oseberg gasstransport	49,28 pst.
Vesterled	60,00 pst.
Norsea Gas A/S (som eig Norpipe gassrørleidning og Norsesea Gas Terminal)	25,00 <sup>2</sup> pst.

<sup>1</sup> Petoro AS er rettshavar for det direkte økonomiske engasjementet til staten (SDØE).

<sup>2</sup> Petoro har etter eksisterande avtalar ein eigardel i Norsesea Gas AS på 35 pst. frå 15. oktober 2005 og 45 pst. frå 1. oktober 2007.

#### 4 Endringar i eigarstruktur i det norske gasstransportsystemet

Stortinget ba i Innst. S. nr. 198 (2000–2001) departementet kalle inn aktuelle selskap til forhandlingar med sikte på å oppnå ein samla eigarstruktur for gasstransportrørleidningar og transportrelaterte anlegg. I juni 2001 vart dette følgt opp av departementet i eit brev til eigarane av den relevante gassinfrastrukturen der desse vart bedne om å innleie slike forhandlingar.

Ein viser til St.meld. nr. 38 (2001 2002) Om olje og gassvirksomheten og til St.prp. nr. 1 (2002-2003) der Stortinget vart informert om at rettshavarane har gjort departementet kjent med at dei er samde om vilkåra for etablering av ein samla eigarstruktur for gasstransportrørleidningar og transportrelaterte anlegg på og frå norsk kontinentalsokkel.

Den nye eigarstrukturen inneber etablering av eit nytt interessentskap (Gassled) og vil omfatte alle rik- og tørrgassanlegg som i dag blir nytta eller snarleg vil bli nytta av andre enn eigarane. Følgjande interessentskap og selskap blir omfatta av den nye eigarstrukturen (sjå tabell 4.1).

Etableringa av interessentskapet Gassled inneber ei omstrukturering av eigardelar i transportsystemet for gass utan særlege endringar i venta inntekt for eigarane. Dette gjeld og for SDØE.

Petoro har på vegne av SDØE forhandla fram eigardelar i Gassled og Norsesea Gas AS. Løysinga inneber ein direkte statleg eigardel i Gassled på 38,293 pst. i 2003–2010 og 47,982 pst. frå 2011. Vidare vil Norsesea Gas AS vere ein av eigarane i

Gassled. Den direkte statlege eigardelen i Norsesea Gas AS vil vere 40,006 pst. Når ein tek omsyn til staten sin direkte eigardel i Norsesea Gas AS vil staten gjennom SDØE ha 39,5 pst. i 2003–2010 og 49 pst. frå 2011 i Gassled.

Den nye eigarstrukturen er planlagt å verke frå 1. januar 2003 og ein legg til grunn at departementet i samband med etableringa av Gassled forlenger løyva til anlegg og drift for aktuelle innretningar fram til 2028. Den nye eigarstrukturen er planlagt å verke frå 31. desember 2028.

Departementet tilrår Stortinget, jf. Forslag til vedtak II, å slutte seg til:

- at staten overdreg sine eigardelar i interessentskap til Gassled mot å få ein eigardel i det nye interessentskapet Gassled
- at staten endrar eigardelar i Norsesea Gas AS
- til at staten som eigar i Norsesea Gas AS medverkar til at Norpipe gassrørleidning og Norsesea Gas Terminal blir overdregne til Gassled mot at Norsesea Gas AS får ein eigardel i Gassled.

Olje- og energidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar av løyvingar på statsbudsjettet for 2002 m.m. under Olje- og energidepartementet og endringar i eigarstruktur i det norske gasstransportsystemet.

Om endringar av løyvingar på statsbudsjettet for 2002 m.m. under Olje- og energidepartementet  
og endringar i eigarstruktur i det norske gasstransportsystemet

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar av løyvingar på statsbudsjettet for 2002 m.m. under Olje- og energidepartementet og endringar i eigarstruktur i det norske gasstransportsystemet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer av løyvingar på statsbudsjettet 2002 m.m. under Olje- og energidepartementet og endringer i eigarstruktur i det norske gasstransportsystemet

## I

I statsbudsjettet for 2002 blir det gjort følgjande endringer:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1801		Omstrukturering av statens petroleumsengasjement	
	21(ny)	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir løyvd med .....	13 000 000
1810		Oljedirektoratet (jf. kap. 4810)	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med .....	16 300 000
		frå kr 66 800 000 til kr 83 100 000	
1820		Norges vassdrags- og energidirektorat (jf. kap. 4820 og 4829)	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir redusert med .....	2 400 000
		frå kr 48 700 000 til kr 46 300 000	
	22	Forbygningsarbeider og oppryddingstiltak, <i>kan overføres</i> , blir auka med .....	6 000 000
		frå kr 59 350 000 til kr 65 350 000	
	75	Tilskudd til sikringstiltak, <i>kan overføres</i> , blir redusert med .....	1 000 000
		frå kr 3 600 000 til kr 2 600 000	
2440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten (jf. kap. 5440)	
	22	Fjerningsutgifter, <i>overslagsbevilgning</i> , blir auka med .....	10 000 000
		frå kr 90 000 000 til kr 100 000 000	
	25(ny)	Pro et contra-oppgjør, blir løyvd med .....	1 850 000 000
	30	Investeringer, blir reduserte med .....	600 000 000
		frå kr 14 300 000 000 til kr 13 700 000 000	
	50	Overføringer til Statens petroleumsforsikringsfond, blir auka med .....	205 000 000
		frå kr 700 000 000 til kr 905 000 000	
2442		Disponering av innretninger på kontinentalsokkelen	
	70	Tilskudd, <i>overslagsbevilgning</i> , blir auka med .....	60 000 000
		frå kr 140 000 000 til kr 200 000 000	
2490		NVE Anlegg (jf. kap. 5490)	
	24	Driftsresultat, blir auka med .....	4 000 000
		frå kr 3 300 000 til kr -700 000	
		Spesifikasjon:	
		Driftsinntekter .....	-44 000 000
		Driftsutgifter .....	38 000 000
		Avskrivninger .....	4 000 000
		Renter .....	1 300 000
			-700 000
			-700 000

Om endringer av løyvingar på statsbudsjettet for 2002 m.m. under Olje- og energidepartementet  
og endringer i eigarstruktur i det norske gasstransportsystemet

Kap.	Post	Formål	Kroner
	45	Større utstyranskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i> , blir auka med ..... frå kr 6 000 000 til kr 8 000 000	2 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4810		Oljedirektoratet (jf. kap. 1810)	
	02	Oppdrags- og samarbeidsvirksomhet, blir auka med ..... frå kr 32 000 000 til kr 49 500 000	17 500 000
	04	Salg av undersøkelsesmateriale, blir redusert med ..... frå kr 5 000 000 til kr 0	5 000 000
4820		Norges vassdrags- og energidirektorat (jf. kap. 1820)	
	02	Oppdrags- og samarbeidsvirksomhet, blir redusert med ..... frå kr 43 500 000 til kr 40 100 000	3 400 000
	40	Forbygningsvirksomhet, blir auka med ..... frå kr 16 000 000 til kr 18 000 000	2 000 000
5440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleums- virksomheten (jf. kap. 2440)	
	01(ny)	Pro et contra-oppgjør, blir løyvd med .....	160 000 000
	24	Driftsresultat, blir redusert med ..... frå kr 68 500 000 000 til kr 57 200 000 000	11 300 000 000
		Spesifikasjon:	
		Driftsinntekter .....	102 200 000 000
		Driftsutgifter .....	-19 100 000 000
		Lete- og feltutviklingsutgifter .....	-1 300 000 000
		Avskrivninger .....	-18 400 000 000
		Renter .....	-6 200 000 000
			<u>57 200 000 000</u>
	30	Avskrivninger, blir auka med ..... frå kr 14 700 000 000 til kr 18 400 000 000	3 700 000 000
	31(ny)	Salg av SDØE-andeler, blir løyvd med .....	8 456 000 000
	50(ny)	Overføring fra Statens petroleumforsikringsfond, blir løyvd med .....	600 000 000
	80	Renter, blir redusert med ..... frå kr 6 500 000 000 til kr 6 200 000 000	300 000 000
	81(ny)	Renter, salg av SDØE-andeler, blir løyvd med .....	244 000 000
5608		Renter av lån til statsforetak under Olje- og energidepartementet	
	80	Renter, Statnett SF, blir auka med ..... frå kr 79 000 000 til kr 86 000 000	7 000 000

II

Stortinget samtykkjer i at Olje- og energidepartementet kan godkjenne overføring av eksisterande

SDØE-eigardelar i gasstransportsystemet til det nye interessentskapet Gassled, i tråd med forutsetningane i denne proposisjonen.





